



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Referat frå møte i Sykkylven sokneråd

Tid: 25.02. 25 kl. 18:30- 21:30

Stad: Kyrkjesal 1, Sykkylven kyrkje

Mat: Kari Myklebust **Åpning:** Harald Hegstad video /May Lisbeth

Desse møtte:

Jonas R Fjeld, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Arne Martin Von Krogh-Bakkedal, Eli Myrene, Georgia Degirmenci Sandberg, Therese K.Utgård Aas, Kari Myklebust, Roy Pettersen

Forfall: Therese Stave Hovland

Sak 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent.

Sak 02/25 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 29.10.24

Vedtak: Godkjent.

Sak 03/25 Dato møteplan / Arrangement.

Forslag til dato plan vinter/vår 2025 ligg ved.

Invitasjon til aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda»

1. 25.03. er neste SR møte kl. 18.30 – 21.30

2. Vidare SR møte 22.04. 10.06.

3.Medarbeiderfest/årsmøte tysdag 01.04.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med medarbeidarfesten og årsmøtet: diakon Kristin K. Lohne, kyrkjeverge Arild Sporsheim og May Lisbeth H Aurdal. Dersom nokon frå SR ynskjer å hjelpe til vart det invitert til det. Georgia D Sandberg vert med.

Soknerådet samtalte om arrangementet og har nokre innspel/forslag:

Oppstart kl. 17?

Årsmelding v/ leiar May Lisbeth H Aurdal så tidleg som mulig i arrangementet

Middag/ev kveldsmat / kaffi med tid til prat rundt borda

Plass til å kunne stille spørsmål og få orientering om aktuelle spørsmålsstillingar.

Sangstund

Kort kveldsrefleksjon av Jonas (frå hans innhald i årsrapporten).

Arbeidsgruppa planlegg vidare detaljar.

4. **22.06.25** «Saman som kyrkje i heile verda» saman med søndagsskulen, stab og kor.

Sak 04/25 Offerliste

SR foreslår at søndag 06.4.25 er det også offer til Kirkens Nødhjelp sidan fasteaksjonen for konfirmantar er påfølgande tysdag. Sidan det både er Fasteaksjon og Områdestevne for NMS med foreliggende offersøknad, og talar frå NMS, vel SR å ha to ulike offerformål denne dagen. Då har gudsteneste-deltakarare mulighet til å gi til begge deler, sidan det vil bli formidla frå Fasteaksjonen på offerplass, samt frå NMS gjennom talen.

Vedtak:

06.04. 25 vert det to offerformål i gudstenesta med 2 ulike vippnr.

1. Kirkens Nødhjelp – i forbindelse med Fasteaksjonen
2. NMS region Møre – i forbindelse med NMS områdestevne, talar frå NMS og tidleg innkomen offersøknad.

Sak 05/25 Årsmelding

Vi jobba saman med dokumentet til årsmeldinga, og “fila” litt på kva vi skal ha med. Nokre hadde spørsmål og kommentarer til årsmeldinga som dei hadde tenkt ut på førehand.

Samtale om utarbeiding i skrifteleg form, og eventuelt bruke AI på retting og målform..

Korleis presentere dette inspirerende og informerande på årsmøtet? Som i fjor, med bilder og presentasjon av soknerådsleiar MLHA Ikkje lese alt og alle detaljer, det kan heller folk lese sjølv i den skriftelege, sidan rapportane frå stab er omfattande og god beskriving av arbeidet.

Sak 06/25 Prosjekt: Kyrkjestova Møblering og vegg-utsmykking

Sjå vedlagt saksutgreiing frå arbeidsgruppa og notat frå staben.

SR hadde ein lang samtale utifrå den grundige saksutgreiinga, samt forslag til vedtak frå arbeidsgruppa og innspel frå staben.

I likheit med staben, hadde også SR tankar rundt kor mykje pengar som skal leggest i kunst til dette rommet, og om ein skal tenke kunst som lettare kan skiftast ut.

SR finn det vanskeleg utifrå dette å gå for arbeidsgruppa sitt andre forslag til vedtak: «Marit Akslen, Geir Morten Brungot og Lars Tore Kjemphol blir spurt om å levere forslag til «Veggutsmykking» av dei 2 aktuelle veggareala. Prosjektgruppa bes behandle innkomne forslag og legge dette fram med forslag til vedtak i Sykkylven sokneråd.»

Vedtak i Sykkylven sokneråd

Jfr. notatet «2025.01.21 Notat frå møte 2 – Prosjekt kyrkjestova SY.» støttar Sykkylven sokneråd arbeidet til prosjektgruppa for prosjekt kyrkjestova i Sykkylven kyrkje og gir klarsignal til å gjennomføre endringane av «Kjøkkenhjørnet» og «Søndagsskulekroken».

Soknerådet gir også si støtte til prosjektgruppa om å arbeide vidare med å spørre Jarle Slyngstad om å utarbeide forslag til løysingar for «Serveringssona» og «Myldresona».

Merknader og innspel frå SR til 2. del av forslag til vedtak:

SR ynsker at romma nede i kyrkjekjellaren skal vere brukarvennlege.

SR ønsker ikkje for dyr kunst, der barn og ungdom skal vere mange ilag.

Gjerne større naturfotografi som ikkje treng å vere så dyre.

Heller tenke allsidig bruk enn vakkert og dyrt.

Tenke på å få nok lys, kosleg, funksjonelt og lyst rom.

Foreldre og leiarar på søndagsskule, klubb osv. må sleppe å vere redde for at born øydelegg noko.

SR ønsker at pengar skal brukast til bruksgjenstander framfor kunst.

Prosjektgruppa bes kome med forslag utifrå dette, og legge detter fram med forslag til vedtak i Sykkylven sokneråd.

Orienterings og referatsaker:

Sakshandsaming, vedtak, utaler og tilleggsnotat.

Ref. Eli Myrene